

Tjeldstømarka

SVANESJØEN

Ingen stad i Hordaland er det så mange overvintrande songsvaner som i TJELDSTØMARKA. Og det er få stader i fylket som har hatt denne fuglen som gjest like lenge.

Det er vinterstid svanene set preg på området. På det meste er det talt oppunder 80 songsvaner her. På sjøen beitar songsvanene gjerne på ålegras, men det er noko usikkert kva planter svanene i ferskvatna i Tjeldstømarka et. Tidleg på 1980-talet bygde eit par reir, men reiret vart forlate før det var lagt egg. Ferskvatna så langt ute på kysten frys sjeldan til. Når det skjer, må svanene flytta på seg. Då dreg dei gjerne på sjøen, med polane sør på Skogsøyna som eit mykje nytta tilfluktsområde. Nokre av fuglane dreg stundom òg til Skulehusvatnet i Fjell. Store, tunge fuglar som dette er sårbare når dei flyttar på seg. Kvar vinter kolliderer fleire svaner med kraftlinjer i Hordaland – også i Øygarden.


Om våren rastar gjerne flokkar med grågås i Tjeldstømarka, og dei seinare åra har hekkebestanden auka mykje. Om lag ti gåsepar hekka i området i 2004. Fleire andeslag har fast tilhald, og det finst vade-fuglar som vipe, tjeld, raudstilk og enkelt-bekkasin. Lettast å leggja merke til er



Ingvar Grastveit

likevel storspoven med sitt fløytande fluktspel. Storspoven er ein av våre største vadarrar, lett atkjennande med sitt lange nedbøygd nebb og lange bein. Seks-sju par hekkar i Tjeldstømarka. For ein del år sidan hadde brushanar spel plass ute på myra under vartrekktet, men dette har dessverre teke slutt. Ut mot Hjeltefjorden i aust hekkar år om anna enno eit par tjuvjo, faktisk som den einaste staden i fylket i våre dagar.

I myra er det mange gamle trerøter som vitnar om at området ein gong var dekt med skog. Tjeldstømarka er eit kombinert natur- og kulturvernområde, og det vart verna som naturreservat i 1995. Det er merkte stigar i området, og ei lita bu for fugleobservasjonar er sett opp like på austsida av riksvegen.



Strandkål

Strandkål er ein nykomling i Hordaland. Første gongen strandplanta vart oppdaga, var i Sandvikvågen på Fitjar i 1987. Seinare er ho også funnen i Øygarden og i Fjell. Planta er grov, inntil ein meter høg, med store, blågrøne, kålliknande blad og kvite blomar tett samla i ein vakker topp. Fruktene (t.b.) som blir spreidde med havstraumar, kan klara seg fleire veker i saltvatn. Strandkål har hovudutbreiinga si lenger sør i Europa, og førekomstane i Hordaland er truleg spreidde derifrå.

Planta er varmekjær, og spirande frø er spesielt sårbare for låge temperaturar om våren. Meteorologiske data frå kysten viser at middeltemperaturen for mars, april og mai har stige med 0,5 °C dei siste hundre åra. Dette kan vera medverkande til at strandkål har slått seg til på nye stader langs norskekysten. Kanskje blir han meir talrik i Hordaland i åra som kjem? (Foto: Bjørn Moe)

HAVBURKNE OG HJORTETUNGE

I det barske klimaet på vestsida av Øygarden er det ikkje mange planter som greier å slå rot. Likevel bar ein funne dei to sjeldne, vintergrøne bregnane havburkne og hjortetunge i det ugjestmilde landskapet.

Havburkne (bilete @363) veks alltid nær havet og mest så langt vest som det er råd å rota seg; namnet ber han med rette. I Noreg er bregnen kjend berre frå ytterkysten av Vestlandet: i Sunnhordland, i Sotra-Øygarden-området og kring Stadlandet. Veksestaden er bergsprekkar og hellerar vende mot vest eller sør. Sjølv om han kan vera meir eller mindre bortgøymd inni berget, får han ofte godt med lys. Sjøsprøyt kan nå beilt inn til veksestaden når vinterstormane herjar. Nærleiken til havet, med høg luftfukt, er viktig for at ikkje planta skal tørka ut.

Havburkne er kjenslevar for frost, og han går neppe beilt i kvile om vinteren. Her ute i havgapet er middeltemperaturen for januar 2 °C. Vekstsesongen er dermed lengre enn nokon annan

stad i Noreg. Frostfaren er liten djupt inne i bergsprekkane. Året gjennom kan dessutan solstref utnyttast på klåre dagar.

Hjortetunge (bilete) veks saman med havburkne både i Øygarden og på Bømlo. Bregnane har økologiske fellestrekk, men hjortetunge krev meir kalk i berggrunnen. Ho veks òg noko lenger inn i landet, til Varaldsøy. At hjortetunge klarar seg med lite lys, vart stadfesta då ho overraskande vart funnen i ein kjellar på Stord.

(Foto: Jan Rabben)

